

Eit lite hakk ned for Erika

Etter den sterke 8. plassen av Erika Holand Tøsse i slalåm under FIS-renna i Adelboden sist tysdag, vart det eit hakk ned i slalåmkonkurransen dagen etter. Ein 18. plass er likevel ein god prestasjon i det sterke selskapet. Om ein ser på plasseringane til Stordalalpinisten under FIS-

renna i Noreg og Sverige på vårparten i fjor, ser ein stor framgang. Førre seg på startlista hadde Erika to andre norske løparar, mellom anna vinnaren Elise Woien Tefre. Elles var der stort sett mellomeuropearar og japanarar.